

Utleigereglement for kyrkjene og kyrkjestugu i Ål

Generelt:

All utleige/utlån av kyrkja sine bygg skal skje innanfor rammene av: [Regler for bruk av kirkene, fastsett av Kirkemøte 15.04.2015.](#)

1. Utleige/utlån av kyrkjene i Ål til arrangement som ikkje er ein del av soknet sitt arbeid, skal godkjennast av soknerådet, evt. av kyrkjevevja etter delegert fullmakt frå soknerådet. Søknader må sendast kyrkjekontoret minst 14 dagar før arrangementet.
2. Søknad om leige må skje på eige skjema. Kyrkjevevja kan inngå leigekontrakten på vegner av fellesrådet.
3. Det skal vera ein kyrkjetenar til stades når ei kyrkje vert leigd ut.
4. Kyrkjevevja krev inn leige på vegner av fellesrådet.

Leigetakar sine plikter:

1. Leigetakar må rette seg etter dei tilvisingane som fellesrådet/kyrkjevevja gir når ein inngår leigekontrakten. Dette gjeld pynting, montering av teknisk utstyr, plassering av inventar og anna utstyr og forhold som gjeld ivaretaking av kyrkjerommet.
2. Det må ikkje nyttast festeanordningar som etterlet seg synlege merke, som til dømes spikar, skruar, stiftar, tape osv.
3. Leigetakar må rette seg etter gjeldande reglar for brannvern. Det er strengt forbode å røykje i eller nær kyrkja. Levande lys kan berre nyttast på stader der det er lagt til rette for det. Kyrkjetenaren kan avgjere i einskilde tilfelle.
4. Leigetakar er ansvarleg for alle skader som oppstår som følge av aktløyse eller brot på dette reglementet. Eventuelle skadar må leigetakar dekkje etter takst.

Utleige til vigslar:

1. Vigslar i kyrkjene i Ål i regi av Den norske kyrkje kan berre skje etter samtykke frå soknepresten, jfr Tjenesteordningen med kvalifikasjonskrav for menighetsprester § 12. Punkt 3?
2. Det skal betalast leige for kyrkja når:
 - Ingen av brurefolka er medlem av Den norske kyrkje.
 - Vigselen er i regi av vigselman knytt til eit anna kristent trussamfunn.

Utleige til gravferd:

1. Ved gravferder til personar busett (folkeregistrert) i Ål kommune, skal det ikkje krevjast avgift for seremonien eller opning/lukking av grav.

Det same gjelder for personar som på slutten av livet budde på institusjon eller liknande i ein annan kommune. Det same gjeld personar som har festa grav i Ål. Dette gjeld til dømes når tidlegare avdød ektefelle er gravlagt på Ål. Kyrkjevevja får fullmakt til å utøve skjønn i slike saker.

2. Ved gravferder til personar som ikkje var medlem av Den norske kyrkja, skal det betalast avgift for følgjande tenester:
 - Leige av kyrkja (inkl. oppvarming, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar)
 - Betaling for organist.
3. Ved gravferder til personar som ikkje var busett i Ål kommune når dei døde, skal det betalast for følgjande tenester:
 - Opning og lukking av kistegrav
 - Opning og lukking av urnegrav
 - Leige av kyrkja (inkl. oppvarming, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar)
 - Betaling for organist.

Utleige til konsertar:

Når kyrkja vert leigd ut til konsertar, som ikkje er ein del av soknet/a sine planar, skal det betalast leige etter følgjande satsar:

- Grunnleige skal dekke straum, reinhald og tenester utført av kyrkjetenar.
- Det skal betalast 10% av billettinntekter som overstig ein sum som fellesrådet årleg bestemmer.
- Utleige til andre kristelege møte som ikkje er ein del av soknet si verksemd
- Lokale lag og organisasjonar kan søke fellesrådet om redusert leigepris for arrangement utan billettinntekter.

Utleige av kyrkjestugu:

Kyrkjestugu er eit livssynsnøytralt rom som kan leigast ut til trus- og livssynssamfunn.

Kyrkjestugu kan leigast ut til samling i samband med dåp, konfirmasjon, bryllaup og liknande.

Lag og organisasjonar knytt til kyrkja i Ål skal ikkje betale leige for kyrkjestugu.

Dei som leiger/bruker kyrkjestugu er sjølv ansvarleg for å setja opp bord og stolar og rydde etter bruk. Etter bruk skal stolar setjast langs veggene og borda slåast i saman og setjast i gangen.

Fellesrådet fastset årleg leigeprisane

Vedtatt av Ål kyrkjelege fellesråd: 10.05.2023 i sak 17/23